

Årsmelding 2017

Styret

Leiar	Norunn Britt Rygg Seljeset	6763 Hornindal	på val leiar
Nestleiar	Heidi Håheim	6788 Olden	på val nestleiar/styremed
	Sonja Skåre Esperø	6798 Hjelledalen	
	Salvatore Ligia	6750 Stadlandet	
	Gunnar Øen	6763 Hornindal	på val
	Torhild Kleppe	6783 Stryn	på val
Avløyssar rep	Hans Petter Hånes	6750 Stadlandet	
Varamedlemmer	1. Magnar Barmen	6750 Stadlandet	på val
	2. Ragnvald Bergset	6795 Blaksæter	på val
	3. Magne Øen	6763 Hornindal	på val
Vara avløyssarrep	Joar Sunde	6788 Olden	
Verneombod	Joar Sunde	6788 Olden	
	Tlf 57 87 71 86	mob 958 18 150	
Revisor	Firda Revisjon & Rådgivning AS		på val
Valnemnd			
Leiar	Bente Drageset	6793 Innvik	på val
	Einar Helge Tomasgard	6763 Hornindal	
	Åge Ervik	6750 Stadlandet	
Vara	Gunnar Hjelle	6798 Hjelledalen	på val
Vara	Oddfrid Bakke	6763 Hornindal	på val
Vara	Svein Per Ervik	6750 Stadlandet	på val

I 2017 har laget 215 medlemmar (2016: 226 medlemmar). Vi har arbeidsgjevaransvar for 163 medlemmar inkl 3 næringsdrivande og 1 privat.

Lønn som er utbetalt gjennom laget:

- Ferie/fritid kr 6 999 565. Av dette er kr 2 610 608 lønn til familie avløyssing
- Sjukdomsavløyssing kr 1 497 956
- Andre oppdrag kr 2 257 217
- Landbruksvikar kr 974 896

Avløyssing

Vest Landbrukstenester(LT) driv med formidling av avløyssarar til medlemmane i kommunane Hornindal, Selje og Stryn. Vi formidlar avløyssarar både ved ferie/fritid og ved sjukdom, i tillegg tar



vi på oss lønnsoppdrag for andre enn bønder. Vest LT har landbruksvikarordning ved sjukdom og ferie/fritid. Laget har i 2017 fått tildelt 3,25 årsverk og får tilskot på kr 270 200 pr årsverk. Vest LT har arbeidsgjevaransvar for alle som vi lønner ut.

Vi har i 2017 to avløysarringar i Stryn kommune. Oldedalen/Olden Avløysarring og Randabygda Avløysarring. I begge er det 6 medlemmar. I kvar av ringane er det ein fast tilsett. 1 avløysar som er fast hjå 2 medlemmar. I Hornindal har vi samarbeid mellom 3 medlemmar som har ein fast avløysar, i tillegg er det samarbeid mellom 5 medlemmar som har ein fast avløysar. Vi har også 1 avløysar som er fast hjå ein medlem og 1 avløysar som er fast hjå 2 medlemmar.

Utanom dette, har vi ikkje nokon fast som kan ta avløysing i sitt nærområde.

Landbruksvikarordninga

I 2017 var det i Hornindal og Stryn kommunar desse landbruksvikarane; Per Hilde tilsett i 100% fast stilling, Leif Rand tilsett i 50% fast stilling. I tillegg var Ronny Tvinneim på avtale under landbruksvikarordninga.

I Selje kommune var Hans Petter Hånes landbruksvikar i 100% fast stilling.

Bemanning på kontoret

Dagleg leiar Knut Sigurd Gald i 100% stilling. Rand Rekneskapskontor v/Liv-Ingrid Iversen Rand har sjukdomssaker og rekneskapen til Vest Landbrukstenester i samarbeid med DL.

Styremøter

Styret har hatt 4 styremøter i 2017 der mellom anna desse sakene er handsama i tillegg til vanlege styremøtesaker:

- Medlemskontingent
- NLT sin strategiplan 2018 - 2021
- Lokale lønsforhandlingar
- Justering av eigendel/betaling frå bonden på ferie/fritidsavløysing ved bruk av LV

Årsmøte

Årsmøtet vart halde på Stryn Hotel 21. mars 2017, med til saman 15 personar.

Lokale lønsforhandlingar

7. september vart lokale lønsforhandlingar gjennomført. Frå arbeidsgjevarsida møtte Sonja S. Esperø og frå dei tilsette Hans Petter Hånes. DL Knut Sigurd Gald møtte som sekretær/protokollfører.

Jobbmesse i regi av NAV i Nordfjord

Dagleg leiar deltok med stand på den årvisse jobbmessa som NAV i Nordfjord arrangerer på Hotel Alexandra, Loen i februar månad.

Landbruksvikarkurs – avløysarkurs - administrasjon

Dette årlege kurset er eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og vart arrangert for 10. gong på Hardangerfjord Hotell i Øystese. DL Knut Sigurd Gald var med i arrangementkomitèen. DL Knut Sigurd Gald og LV Hans Petter Hånes deltok frå Vest LT.



Haustsamling Gardermoen

Der deltok dagleg leiar Knut Sigurd Gald og styremedlem Hans Petter Hånes. I framkant av haustsamlinga deltok begge på kurs.

Tema på haustsamlinga:

- Strategiplanen for NLT 2018 – 2021
- Nytt personvernregelverk frå EU
- Smitte og smittevern
- HMS handbok
- KSL
- Arbinn.no
- førebygge sjukefråvær
- Styre-, formue-, og underslagsforsikring
- Administrasjonshandboka
- I tillegg var det eigne samlingar for : «Styreleiarssamling», «Daglegleiarssamling», «samling for tillitsvalde og tilsette» og fylkesvis samling for å førebu årsmøtet i NLT.

Kontordag i Selje

Liv-Ingrid og Knut Sigurd hadde kontordag på Cafe Cornerstone på Leikanger 8. november 2017. Det var eit godt oppmøte, som glette administrasjonen. Frå administrasjonen si side ser vi det som svært nyttig å ha desse kontordagane slik at vi har høve til å treffe medlemane i Selje over ein kaffikopp og for dei å kunne ta opp sine saker direkte.

Førejuls møte

Torsdag 16. november var kontortilsette og styret samla til styremøte på Matstova, Oppstryn. Administrasjonen hadde i tillegg møte med landbruksvikarane og avløyssarane. Mellom desse to møta vart det servert jule tallerken. I år hadde vi også med veterinær Charlotte Haukås, som orienterte om smittefare i fjøset.

Datasystemet

Datasystemet vårt er tilslutta terminalserver hjå Norske Landbrukstenester (NLT). Vi brukar framleis SunPro lønn og SunPro rekneskap, som dataverktøy. I tillegg har vi frå 1.1.2017 teke i bruk Webtemp i samband med løns- og rekneskapsprogrammet. Webtemp er eit nettbasert system med levering og godkjenning av timelistene elektronisk og for det enkelte medlem er medlemsopplysningane tilgjengeleg. I tillegg vert lønsslipp og faktura sendt elektronisk.

Heimesida

Heimesida vert levert av Netsense og vert administrert av DL.

Ulvedal 20. mars 2018


Norunn Britt Rygg Seljeset
- Styreleiar -

